


No er boka om dokter Haugen komen



Framsida av boka.

Opptakten til boka om dokter Haugen byrja som ein serie her på nettstaden før jul i 2014, med overveldande og positiv respons både frå lesarar og innsendarar av historiar. I dag vart boka, der også mange uskedelingar bidrar, lagt ut til sals.



Peder Ljosnes, ein av mange uskedingar som er med i boka. Han fortel om tida ilag med dokter Haugen, den beste kunden hjå Hauge Auto. (Foto: Kristian Hus)

Initiativtakarar til bokprosjektet har vore Thor Inge Døssland og Kristian Bringedal, som etter ei modningstid og eit par års tankeverksemd, fekk Kristian Hus med på laget. Dei tre har ført arbeidet vidare, mellom anna gjennom samtalar med slekt, tidlegare kollegaer, vener og andre som hugsar Endre Haugen (1895 – 1986).

Mange vil hugsja Haugen som ein dyktig, hardtarbeidande, folkekjær og munnrapp distriktslege i Kvinnherad. Han byrja gjerne arbeidsdagen på doktergarden i Rosendal i 5 – 6-tida om morgonen, før han reiste ut på pasientbesøk i heile kommunen, også til veglause bygder langs fjorden. Som oftast ulasteleg kledd i skjorte, dress og slips.

Før Haugen kom til Kvinnherad, var han distriktslege på Karlsøy i Troms og på Sand i Ryfylke.



Spi. amma. misat. 30-  
 Ligo. pectoral.  
 Ti. opu. lenzic / om 50-  
 Syrup. senega  
 Syrup pectoral / om 300-  
 8rm. 1 barmotte 4-5  
 9. def.

Recept 10/7. 81.

Endre Haugen.

to Endre Haugen  
Uskedal

HUSNES APOTEK  
5460 HUSNES

Recept 10/7 81  
Uskedal  
Endre Haugen

Resept på hostesafta til Haugen. Ho var vide kjent.

## Praktiserte til han var 84 år

Endre Haugen kom til Kvinnherad i 1934, og var einaste distriktslækjar i kommunen fram til han gjekk av i 1966. Etter det dreiv han privatpraksis fram til 1979. Då var han 84 år gammal. Med eit vidt distrikt, i ei tid med vanskelege kommunikasjonar og veglause grender, skjøtta han den viktige jobben på ein framifrå måte, skriv boknemnda i føreordet, og held fram:

Vi håpar og trur at boka vil ha historisk verdi, då ho kastar ljøs over dei store endringane som har vore på ulike område etter Haugen si tid.

Boka er på 200 sider og er trykt i 800 eksemplar. Ho er rikt illustrert med mange bilete og teikningar av Ole Bjarte Røssland. Kristian Hus er utgjevar under føretaket Skimtvís, medan Multipleks design har stått for den grafiske utforminga. Dette er den fjerde boka far og son Hus samarbeider om.

Vi trur både unge og eldre vil ha stor glede av å lesa om den fargerike distriktslegen. Dokter Haugen stod for verdiar som aldri går ut på dato, seier dei tre i boknemnda.

Det går godt an å tenkja på julepresangar allereie no, legg utgjevaren til.



Boknemnda gler seg over eit godt resultat. (Foto: Kristen Børje Hus)

**Fredag 26. april vil dei signera bøker i Rosendal Bokhandel frå klokka 14 om ettermiddagen. Laurdag står SPAR Uskedalen og Kvinnherad Libris på Husnes for tur. Meir om boka og høve til å bestilla den [HER](#).**

Tekst: Kristian Hus

Foto: Faksimile frå boka/ Multipleks design

Nett: Kristian Bringedal /Thor Inge Døssland